

# **Tabellar for kommunane**

**Tabell 1-k**

**Tabell 2-k**

**Tabell 3-k**

**Tabell A-k**

**Tabell B-k**

**Tabell C-k**

**Tabell D-k**

**Tabell E-k**

**Tabell F-k**



## Tabell 1-k

### Rammetilskot til kommunane 2023

Kommunane sitt rammetilskot blir løyvd over kap. 571, post 60–67 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot i alt er vist i kolonne 8. Dette omfattar ikkje midlar løyvd på kap. 571, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamninga er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2022. Skatteutjamninga blir gjort gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga i 2023 blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2023, og rammetilskotet til kvar einskild kommune blir justert i høve til skatteutjamninga. Endeleg skatteutjamning for 2023 er ikkje klar før i februar 2024 og er såleis ikkje med i utrekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Endeleg rammetilskot for 2023 vil difor vere klart fyrst i februar 2024.

### Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, tilskot med særskild fordeling og inntektsgarantiordninga. Kolonnen inkluderer eit ufordelt trekk på 2,2 mrd. kroner i innbyggjartilskotet for ekstraordinære konsesjonskraftinntekter i 2023. Trekket vil bli fordelt på kommunane på eit seinare tidspunkt.

For ei meir detaljert omtale av innbyggjartilskotet, sjå tabell 2-k.

### Kolonne 2 – Distriktstilskot Sør-Noreg (post 61)

Kolonne 2 viser distriktstilskot Sør-Noreg. Tilskotet er dokumentert nærare i tabell D-k. Tilskotet skal vareta kommunar i Sør-Noreg med ei svak samfunnsmessig utvikling. Tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg tek utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og -utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå. For nærare omtale av distriktsindeksen, sjå: <https://www.regjeringen.no/id2614814>.

Tilskotet blir tildelt kommunar i Sør-Noreg som:

- har under 3 200 innbyggjarar, eller ein distriktsindeks på 46 eller lågare,
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet (målt per innbyggjar), og
- ikkje får distriktstilskot Nord-Noreg.

Kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar får eit tilskot per kommune. Satsane varierer etter verdien på distriktsindeksen. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot etter høgaste sats. Kommunar med ein høgare verdi på distriktsindeksen får tilskot etter lågare sats, slik at kommunar med distriktsindeks over 46 får halvparten av den høgaste satsen.

For kommunar med 3 200 innbyggjarar eller fleir blir tilskotet gjeve med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Kommunar med distriktsindeks på 35 eller lågare får tilskot per kommune og per innbyggjar med høgaste sats. Kommunar med høgare verdi på indeksen får tilskot med høvesvis 80, 60, 40 og 20 prosent av den høgaste satsen.

Tilskotet blir rekna ut etter talet på innbyggjarar per 1. januar 2022. Departementet har nytta distriktsindeksen for 2017, som òg vart nytta i inntektssystemet for 2022. Distriktsindeks for nye kommunar er berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane. Satsane for 2023 er justerte med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren.

*Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2023:*

Kommunar med 3 200 innbyggjarar eller meir			Kommunar med under 3 200 innbyggjarar
Distriktsindeks	Sats per kommune (1 000 kr)	Sats per innbyggjar (kroner)	Sats per kommune (1 000 kr)
Indeks 0–35	1 355	1 227	6 257
Indeks 36–38	1 086	982	5 633
Indeks 39–41	814	736	5 006
Indeks 42–44	541	491	4 381
Indeks 45–46	272	246	3 754
Indeks over 46	0	0	3 129

**Kolonne 3 – Distriktstilskot Nord-Noreg (post 62)**

Kolonne 3 viser distriktstilskot Nord-Noreg i 2023. Tilskotet blir gjeve med eit kronebeløp per innbyggjar til alle kommunane i Nord-Noreg og Namdalen. Satsen er differensiert mellom kommunar i ulike fylke. Den geografiske inndelinga av satsane som vart nytta ved fordelinga av tilskotet før regionreforma, blir ført vidare også etter 2020. Satsen for den einskilde kommune er dimed ikkje påverka av samanslåinga av Troms og Finnmark.

Småkommunetillegget til kommunar med færre enn 3 200 innbyggjarar i Nordland fylke, Namdalen i Trøndelag fylke og tidlegare Troms fylke (utanfor tiltakssona) blir gjeve etter dei same kriteria og satsane som distriktstilskot Sør-Noreg. Kommunar i tidlegare Finnmark fylke og kommunar i tiltakssona i tidlegare Troms fylke får småkommunetillegg etter ein høgare sats. Tilskotet blir rekna ut etter talet på innbyggjarar per 1. januar 2022. Departementet har nytta distriktsindeksen for 2017, som òg vart nytta i inntektssystemet for 2022. Distriktsindeks for nye kommunar er berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksen for dei tidlegare kommunane. Satsane for 2023 er justerte med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren.

### Satsar for distriktstilskot Nord-Noreg 2023:

Til alle kommunar i Nord-Noreg og Namdalen, satsar per innbyggjar		
Kommunar i:	Sats per innbyggjar (kroner)	
Nordland og Namdalen	1 930	
Troms (utanfor tiltakssona)	3 702	
Tiltakssona i Troms	4 362	
Finnmark	9 038	
Småkommunetillegg til kommunar med under 3200 innbyggjarar		
Distriktsindeks	Småkommunetillegg per kommune, kommunar utanfor tiltakssona	Småkommunetillegg per kommune, kommunar i tiltakssona
Indeks 0–35	6 257	13 552
Indeks 36–38	5 633	12 195
Indeks 39–41	5 006	10 842
Indeks 42–44	4 381	9 485
Indeks 45–46	3 754	8 131
Indeks over 46	3 129	6 776

#### Kolonne 4– Regionsentertilskot (post 65)

Regionsentertilskotet blir tildelt kommunar der det er fatta eit nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden etter 2014, og som etter samanslåinga får over om lag 8 000 innbyggjarar. Kommunar som får storbytilskot kan ikkje få regionsentertilskot.

Tilskotet blir fordelt dels med ein sats per innbyggjar og dels med ein sats per kommune. I 2023 er satsen per samanslåing 3,468 mill. kroner, og satsen per innbyggjar er 73 kroner. Satsane for 2023 er justerte med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren. Ved utrekning av tilskotet er det lagt til grunn innbyggjartal per 1. januar 2022.

#### Kolonne 5 – Veksttilskot (post 66)

Veksttilskotet er eit tilskot til kommunar med særleg høg vekst i folketalet. Tilskotet er grunngeve med at kommunar med høg folkevekst på kort og mellomlang sikt kan ha vanskar med å tilpasse tenestetilbodet til ei veksende befolkning. Det kan vere utfordrande å finansiere dei nødvendige investeringane utan at det verkar inn på tenestetilbodet.

Veksttilskotet blir gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst over vekstgrensa dei siste tre åra (1.1.2019–1.1.2022). Vekstgrensa på 1,4 prosent er ført vidare for 2023. I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 prosent av landsgjennomsnittet dei siste tre åra (målt per innbyggjar) for å få tilskotet. Veksttilskotet blir gjeve som eit fast beløp per nye innbyggjar ut over vekstgrensa. Satsen for 2023 er justert med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren, og er 64 555 kroner. Grunnlaget for utrekninga er dokumentert nærare i tabell D-k.

#### Kolonne 6 – Storbytilskot (post 67)

Storbytilskotet blir fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til dei seks største byane; Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Drammen. Satsen for 2023 er justert med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren, og er 408 kroner per

innbyggjar. Ved berekning av tilskotet er det lagt til grunn innbyggjartal per 1. januar 2022.

### **Kolonne 7 – Skjønstilskot fordelt av statsforvaltaren (post 64)**

Kolonne 7 viser skjønstilskot fordelt av statsforvaltaren for 2023. I tillegg er det vist fylkesvise rammer for skjønstilskot til fordeling gjennom året. Statsforvaltaren held i ulik grad att skjønstilskot til fordeling gjennom året.

### **Kolonne 8 – Rammetilskot 2023**

Kolonne 8 viser rammetilskotet for 2023 (sum av kol. 1–7). Midlar til fordeling gjennom året er inkludert i landssummen.